




VAL

INFORMASJON

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Viktig informasjon til deg som skal røyste



Valdagen er mandag 9. september. Hugs legitimasjon!

VALGdirektoratet

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Ved valet vel vi kven som skal representere oss i kommunestyret og fylkestinget.

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Her blir det teke avgjerder i lokale saker som barnehagar, barnevern, plan- og arealspørsmål, grunnskule, helse- og omsorgstenester, kulturtiltak og renovasjon.

Fylkestinget er det øvste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget tek avgjerder om mellom anna vidaregåande opplæring, fylkesveggar med tilhøyrande ferjestrekningar, lokal kollektivtransport og kulturtiltak. I Oslo er det kommunestyreval og val til bydelsutval, men ikkje fylkestingsval.

Det er dei lokale sakene som påverkar kvardagen din mest. Når du røystar, er du med og avgjer kven som skal representere deg og dine interesser i kommunestyret og fylkestinget.

I denne brosjyren får du informasjon om korleis du går fram når du skal røyste.

Valdagen er måndag 9. september 2019.

Mange kommunar held også val søndag 8. september.
Kommunen informerer om det er val éin eller to dagar.

Hugs legitimasjon når du røystar

Legitimasjon kan til dømes vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan type legitimasjon. Legitimasjonen må minst innehalde veljaren sitt namn, fødselsdato og bilete. Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røystemottakar, skal legitimere seg.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å stadfeste identiteten din. Den tilsette må då legitimere seg.

Alle veljarar får tilsendt valkort

På framsida av valkortet finn du informasjon om kva for eit vallokale du er registrert ved og kva opningstid lokalet har på valdagen. **Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det sparar deg for tid.** Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Kven har røysterett?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2019, og som er, eller nokon gong har vore, folkeregisterførte som busette i Noreg.
- Statsborgar i eit anna nordisk land (det vil seie Danmark, Island, Finland eller Sverige) som har fylt 18 år innan utgangen av 2019 og er vorten folkeregisterført som busett i Noreg seinast 30. juni 2019.
- Personar som ikkje er norske statsborgarar, men som har fylt 18 år innan utgangen av 2019 og som har stått innførte i folkeregisteret som busette i Noreg dei tre siste åra før valdagen.

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og husstanden deira har røysterett uavhengig av om dei har vore folkeregisterførte som busette i Noreg eller ikkje. Dei treng ikkje søkje om innføring i manntalet.

For å utøve røysteretten må veljaren vere innført i manntalet i ein kommune på valdagen.

Kva tid og kvar kan du røyste?

På valdagen må du røyste i kommunen du er folkeregistrert busett i per 30. juni 2019. Du kan røyste i kva som helst av vallokala i kommunen.

Sjå illustrasjonar på neste side som viser korleis du røystar i heimkommunen din.

Førehandsrøyste kan du gjere frå laurdag 10. august til og med fredag 6. september i kva som helst kommune.

Veljarar som ikkje kan røyste i perioden for førehandsrøystegjeving eller på valdagen, kan vende seg til kommunen og røyste frå 1. juli og fram til førehandsrøystegjevinga tek til 10. august.

Dersom du røystar utanfor eigen kommune, skal du få ein røystesetel med namna på dei sentralt registrerte politiske partia. Du må krysse av for kva parti du vil røyste på. Røystesetelen er utan namn på partia sine kandidatar, og du kan derfor ikkje gje personrøyst.

Er ikkje partiet eller gruppa du ønskjer å røyste på oppført på røystesetelen, kan du skrive namnet på dette partiet/gruppa på røystesetelen. Du kan også sjølv skaffe røystesetel frå kommunen din og bruke denne om du ønskjer å gje personrøyster til kandidatar.

Røystar du utanfor eigen kommune, skal du få ein valfunksjonær til å stemple røystesetelen, før du legg han ned i ein røystesetelkonvolutt. Røystesetelkonvolutten og valkortet ditt blir så lagde ned i ein omslagskonvolutt av valfunksjonæren. Du skal deretter leggje omslagskonvolutten i valurna.

Har du ikkje eit valkort, skal valfunksjonæren fylle ut eit for deg. Røysta blir sendt til heimkommunen din for oppteljing.

Det same gjeld **dersom du røystar utanfor fylket ditt ved fylkestingsvalet.**

Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen om å få førehandsrøyste heime. Kommunen informerer om søknadsfrist.

Dersom du er folkeregistrert i ein kommune eller eit fylke som er del av kommune- og regionreforma, skal du velje representantar til kommunestyret og fylkestinget i din nye kommune og ditt nye fylke.


Kommunen informerer om kvar du kan finne vallokala og opningstider.




Frå august kan du også finne vallokalet ditt på nett:

valglokaler.no


Korleis røystar du i heimkommunen din?




1) Ta røystesetlane du vil bruke: Éin for kommunestyrevalet og éin for fylkestingsvalet, dersom du ønskjer å røyste ved begge vala.




2) Dersom du vil gje personrøyster, kan du krysse av i boksen ved sida av dei liste-kandidatane på røystesetelen som du ønskjer å gje personrøyst til. Du kan gje personrøyst til så mange kandidatar du vil (sjå rettleiing neste side).



3) Brett røystesetlane med partinamnet inn, og feltet for stempeling ut – då kan ingen sjå kva du røystar. Det skal ikkje brukast konvolutt eller anna omslag rundt røystesetlane.



4) Gå til ein valfunksjonær, og få eit stempel på røystesetlane. Dette er viktig for at røystegjevinga skal bli godkjend.




5) Legg røystesetlane i valurna.

I Oslo er det kommunestyreval og val til bydelsutval, men ikkje fylkestingsval. Er du manntalsført i Oslo kommune og vil røyste ved val til bydelsutval, kan du anten nytte ein røystesetel du har teke med deg, for val til bydelsutval eller eit blankt ark der du skriv namnet på partiet/gruppa du røystar på. Bruker du eit blankt ark, må du også skrive at setelen gjeld for val til bydelsutval.

Du kan endre på røystesete


Ønskjer du å påverke kva kandidatnar som blir valde, kan du gje ei personrøyst til dei kandidatane du ønskjer skal få eit slikt personrøysttillegg. Det er opp til deg om du vil endre på røystesetelen ved å gje personrøyst. Framgangsmåten for å gje personrøyster er forklart på røystesetelen.

Slik gjev du personrøyst:




Ved kommunestyrevalet:

1) Set eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil gje ei personrøyst. Du kan gje personrøyst til så mange kandidatnar du vil.



2) Skriv kandidatnamn frå andre parti/grupper i eit eige felt på røystesetelen. Kor mange kandidatnamn du kan føre opp, står på røystesetelen.

Ver merksam på at dersom du gjev personrøyst til ein kandidat frå eit anna parti/gruppe, vil ei såkalla listerøyst bli overført til det andre partiet/gruppa. Dette kan påverke fordelinga av mandat i kommunestyret.




Ved fylkestingsvalet:

Set eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil gje ei personrøyst. Du kan gje personrøyst til så mange kandidatnar du vil.

Kven blir valde?

Først finn valstyret ut kor mange representantar dei ulike partia eller gruppene får i kommunestyret eller fylkestinget. Deretter tel valstyret opp personrøyster for å finne ut kva kandidatar som blir valde frå kvart parti eller gruppe.

Du finn meir informasjon på valg.no



Utgjeven 2019 av Valdirektoratet.

Publikasjonen finst også på bokmål, samisk og ti framandspråk.

For meir informasjon om valet, sjå **valg.no**